



Hordaland Fylkeskommune - Tannhelseavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/9 - 18/4868

Saksbehandlar:
Arthur Kleiveland
arthur.kleiveland@radoy.kommune.no

Dato:
26.03.2018

Tannklinikkstruktur - Manger tannklinikk - uttale frå Radøy formannskap

Radøy formannskap har i møte 15. mars 2017 – sak 015/2018, gitt uttale vedkomande tannklinikkstrukturen – Manger tannklinikk.

Uttale frå Radøy formannskap til Hordaland Fylkeskommune, vedk. tannklinikkstruktur – Manger tannklinikk

Uttalen er skriven på grunnlag av at fylkestannlegen har varsla Radøy kommune om at han vil reisa sak til Hordaland Fylkesting med framlegg om nedlegging av tannklinikken på Manger. Fylkestannlegen inviterer Radøy kommune til å gje uttale i saka. Formannskapet i Radøy utarbeidde uttalen i møte 15. mars 2017.

Fylkestinget i Hordaland vedtok 8. mars 2016 ein tannklinikk-plan for Hordaland fram til 2030. Tannklinikken på Manger vart då berga frå nedlegging. Men fylkestinget sitt vedtak inneber at for ein del klinikkar vil det bli gjort ny vurdering når ny kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

Formannskapet gjev slik uttale:

- Radøy kommune avviser framlegget om å leggja ned Manger tannklinikk. Manger tannklinikk utfører viktige tenester både for A, B og C-gruppa av pasientar som den offentlege tannhelsa har ansvar for. Manger tannklinikk er bemanna alle fem vekedagar, noko som viser at det er eit stort tal brukarar.
- Radøy formannskap krev at Hordaland Fylkesting opprettheld Manger tannklinikk, og kommunen vil sjå på ei eventuell nedleggjing som eit uakseptabelt brot på fylkeskommunen sine positivt uttalte formuleringar om å utvikla Hordaland saman med kommunane.
- Uansett meiner Radøy formannskap at det er for tidleg å ta stilling til stoda for Manger tannklinikk no. Radøy kommune krev at den framtidige tannklinikkstrukturen i Alver kommune først kan vurderast når Alver kommune er i drift, og då vil vera naturleg å sjå tannklinikane på Lindås og Manger i samanheng, som likeverdige i storleik og geografisk avstand til Knarvik. I intensjonsavtalen for Alver kommune er det lagt stor

vekt på å oppretthalda tenestetilbodet i nærsentra, og me meiner at fylkeskommunen må tilpassa seg dette som tenesteleverandør også. I tillegg har Fylkesmannen i Hordaland utfordra Alver kommune om å vurdera kommunal drift av tannhelsetenesta.

I møtet med Radøy kommune 2018, peika fylkestannlegen på at Manger tannklinikk er i særstilling mellom dei klinikkane som fylkestannlegen no vil leggja ned. Manger-klinikken er den einaste av desse som er i full drift fem dagar i veka. Det er meiningslaust å leggja ned eit slikt tilbod, som dokumenter eksistensen sin på ein slik måte.

Manger tannklinikk har ei gunstig plassering geografisk midt på Radøy, der den største barneskulen er, og i tillegg den einaste ungdomsskulen og samtlege helseinstitusjonar. For ungdomsskuleelevane er tannklinikken i gangavstand for dei ca 200 elevane dette gjeld. For barneskuleelevane i resten av kommunen er det maks 20 minutt kjøring til Manger, noko som gjer det lett å koordinera tannlegebesøk for foreldra. Dersom tilbodet vert flytta til Knarvik vil t.d. elevane frå Hordabø få 3 kvarters reisetid kvar veg, noko som for barneskuleelevane inneber at foreldra må ta fri frå arbeid for å følgja til tannlegen. Ei slik løysing inneber at foreldra i praksis må ta fri ein heil arbeidsdag, og gjev store samfunnsmessige tap. Det er difor økonomisk ulønsamt å leggja ned tannklinikken i distrikta og sentralisera dette i Knarvik.

Formannskapet legg likevel ekstra vekt på tilbodet for pasientar i B- og C-gruppa. Tannhelsetenesta for sjuke- og eldre må drivast med like stor verdigheit som kommunen si helseteneste. Ei nedleggjing av Manger tannklinikk vil for desse vera ei unødig belastning i ambulanse til Knarvik.

I møtet med kommunen sa fylkestannlegen at bygget ikkje held mål med ventilasjon og fuktskader. Bygget har dei siste åra vore gjennom fleire store rehabiliteringar inklusiv nytt ventilasjonsanlegg, så me er usamd i dette. Kommunen er likevel innstilt på å gå i dialog om andre lokaliseringar i dei kommunale bygga i Manger. Me meiner likevel at samlokaliseringa i Manger helsehus er den beste.

Radøy formannskap viser til at Helse- og omsorgsdepartementet har bede om ei kartlegging av kommunar som ønskjer å delta i ei prøveordning der kommunen overtar ansvaret for den offentlege helsetenesta frå fylkeskommunen. Fylkesmannen i Hordaland har særskilt oppmoda Alver kommune og Øygarden kommune om å vera med i prøveordning. Dette forsterkar haldninga vår om at det uansett er for tidleg å ta stilling til framtida for Manger tannklinikk no. Den avgjerda må takast av Alver kommune.

Radøy formannskap vil derfor avslutningsvis oppmoda Hordaland Fylkeskommune om å spela på lag med Fylkesmannen i Hordaland og aktuelle kommunar i fylket om å få i stand ei ordning der ein får prøvt ut kommunal drift av tannhelsetenesta.

Radøy formannskap utfordrar også Hordaland Fylkeskommune til eit aktivt engasjement for å utvikla ordninga med å inngå driftsavtalar med privatpraktiserande tannlegar. Radøy kommune har med stort hell hatt slik driftsmodell for fattslegane våre gjennom fleire tiår. Dette fungerer, og er effektiv forvaltning av offentlege midlar. Radøy formannskap noterer seg frå media at Fylkeskommunen ikkje har framstått som særleg samarbeidsvillig for å utvikla slike løysingar i Masfjorden, Gulen, Fedje.

Tannhelsetenesta må drivast til beste for innbyggjarane. Radøy formannskap kan ikkje sjå at innbyggjarane i Nordhordland får den beste tannhelsetenesta ved å sentralisera alt til Knarvik, då viser fylkeskommunen i så fall små distriktpolitiske ambisjonar.

Med helsing

Arthur Kleiveland
konsulent kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune -
Tannhelseavdelinga

Postboks 7900

5020

BERGEN